

Feiande flott reise jorda rundt

Laurdag inviterte Stordal Hornmusikklag til musikalsk happening med fløytisten Inge Smedts frå Belgia. Sjølv om mange hadde funne vegen til Stordalshallen denne ettermiddagen, hadde hornmusikklaget og solisten fortent mange fleire publikummarar.

Britt Ingunn Maurstad
britt@storfjordnytt.no

Eg lurte fælt på kven den ukjente dama i fløyterekkja var, inntil eg oppdaga at det jo var kveldens hovudperson og solist. Når ho ikkje hadde solonummer, sette ho seg saman med resten av fløyterekkja i hornmusikklaget og bidrog saman med dei andre.

Bjørnar Midtbust var reiseleiar og loste oss trygt frå stad til stad, frå kontinent til kontinent – på engelsk, på tysk, på norsk – og jammen var det ikkje bitte litt fransk og italiensk inni der også.

Sjokolade og militær tattoo

Første stopp var den energiske og velorganiserte hovudstaden i Japan, Tokyo og songen "Spirals of light", eit livleg og energisk

stykke. Deretter gjekk turen til "la douce France" og "Sheperds song" før ein landa i Brussel med belgisk sjokolade og avslutningsnummeret til første regiment, "Rhapsody for flute" med Inge Smedts som solist. Eit livlig og teknisk særskilt krevjande stykke for solisten! Men kan hende nokså passande, for den unge damen spelar fast i det belgiske militærorkestet.

Deretter tok hornmusikklaget oss med over "dammen", og "Virginia" var eit mektig stykke som skildra både slaveriet og borgarkrigen, men som enda lyst og lett med tru og håp til slutt. Så gjekk turen attende til Europa, til Milano og "La pulce d'acqua" der Smedts briljerte på piccolo-fløyte. Siste nummer før pausen var "California Dreamin'" som dei fleste kjenner som ein av hitane til "The Mamas and the Papas".

Før dårleg vær?

Etter pausen reiste vi til Tyskland og mellom anna båttur på Rhinen med stykket "Basel impressions", eit livlig stykke før det også vart eit stopp i Latvia. Her tok Smedts fram den flamske sekkepipa i "Sanomi", ein moderne folkesong med spesielle tonar og rytmer. Skottland og "Music from Braveheart" var neste stopp der Smedts starta på



Inge Smedts var ein glitrande fløytist, her under det krevjande stykket "Rhapsody for flute".

fløyte før ho gjekk over på sekkepipa. Så tok reiseleiaren oss austover til Litauen, eit land med ein rik kulturarv og fem regionar som kvar har sin eigen dialekt og sine egne folkesongar. "Heart og Lithuania" inneheldt element frå kvar av dei fem regionane. Dei to siste landa vi besøkte på turen, var Spania. Først med smektande og forførande rytmer i "Busindree Reel" der Smedts framleis hadde sekkepipa framme og til slutt "Spanish fever".

Kan hende var det stugge-

vêret som gjorde at det var litt glissent i salen denne laurdags ettermiddagen, for det kunne godt ha vore fleire til stades. Men oss som var der, fekk ein underhaldande og flott konsert. Under dirigent Nick Ost si leiing har hornmusikklaget utvikla seg mykje.

Når seg spør Ost om han er ein krevjande dirigent, svarar han med eit lurt smil: "Når eg ikkje er nøgd, ber eg dei berre om å ta det ein gong til".



Bjørnar Midtbust var trygg og god og vittig reiseleiar der han tok oss med rundt om i verda med musikk.